



Sti- og løypeplan for Aurland Kommune

TILTAKSDEL

Tiltaksdelen for Sti- og løypeplan i Aurland er utforma av Aurland kommune v/Forvaltning og utvikling i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark

Layout og design er utført av Skaralys Landskap AS

2020

Framsidedeilete: Ugjerdsdalen

Neste side: Mot Sinjarheim i Aurlandsdalen

Foto: Bengt Erlend Skjerdal

Utskriftsformat: A4 liggande, motstående sider



Aurland kommune
-det naturlege valet





Innhald

Innleiing	1
Metode	2
Om sti- og løypenettet i Aurland kommune	3
Mål for planarbeidet	4
Sentrale aktørar	5
Retningslinjer	7
Gjennomføring av mål	12
Vidare arbeid	13
Tilskotsordningar	14
Tiltaksliste	15
Generelle tiltak	16
Vassbygdi – fylkesgrensa	18
Aurland - Låvi	22
Flåm - Flåmsdalen	26
Undredal	30
Nærøydalen	33

Innleiing

Sti- og løypeplanen er ein temaplan som gir ein oversikt over viktige og relevante ferdselsårer i kommunen.

Ein temaplan er ikkje juridisk bindande, men kan nyttast vidare i anna planarbeid i kommunen. Føremålet med ein slik plan er å avklare vegval, vise strategiar og nødvendige prioriteringar på lang sikt. Kommunen ønskjer at planen kan brukast til å koordinere arbeidet mellom kommunen, lag, organisasjonar og andre aktørar.

Prosjektet er forankra i Regjeringa sin Handlingsplan for friluftsliv. Målet med prosjektet er å få fleire ut på tur, at befolkninga skal utøve friluftsliv jamleg, auke tilgjengelegheita for å utøve friluftsliv og å få flest mogleg kommunar til å lage ein sti- og løypeplan.

Målet nasjonalt er å samle alle turrutene på ein stad. Dermed får me eit viktig kunnskapsgrunnlag for å utvikle ferdselsårene vidare, og leggje til rette for friluftsliv over tid. I tillegg blir informasjonen lettare tilgjengeleg for dei som skal arbeide med stiane i saksbehandling og arealplanlegging, for interessegrupper og i leiteaksjonar.

Planen består av ein tiltaksdel, tekstdel og kartgrunnlag.

Tiltaksdelen skildrar retningslinjer og tiltak knytt til dei ulike stiane. Den vert utforma som ei brosjyre og sendt ut til

lag, organisasjonar, turistinformasjon, næringsliv, stiftingar og andre aktørar med ønskje om at den vert fylgt opp i det vidare arbeidet med stiar og ferdselsårer i Aurland kommune. Delen skildrar bakgrunn for arbeidet, metode og gjev ein oversikt over status på kvar sti i kommunen.

Tekstdelen skildrar bakgrunn for arbeidet, metode og gjev ei oversikt over status på kvar sti i kommunen.

Kartgrunnlaget syner ei oversikt over alle stiane i kommunen og vert registrert i norgeskart.no.



Blåskavlavarden
Foto: Bengt Erlend Skjerdal

Metode

Sti- og løypeplanen er utarbeida av Aurland kommune i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark. Vinteren 2020 vart det arrangert grendamøte rundt om i kommunen der deltakarane fekk kome med innspel til dei eksisterande stiane og forslag til nye stiar. Resultatet frå grendamøtene har vore ein viktig del av det vidare arbeidet med planen. Det er frå tidlegare gjort mykje godt arbeid knytt

til friluftsliv i kommunen, mellom anna strategi for besøksforvaltning utarbeida av Nærøyfjorden verneområdestyre. Dette arbeidet er søkt innarbeida i denne planen. Meir informasjon om metode og bakgrunn for arbeidet finn du i tekstdelen til sti- og løypeplanen.



Om sti- og løypenettet i Aurland kommune

Aurland kommune er kjent for høge, bratte fjell, djupe fjordar, vill og vakker natur. Ein million turistar kjem hit kvart år for å oppleve området, og fleire tusen går igjennom Aurlandsdalen, sykklar Rallarvegen og går stien opp til Brekkefossen eller Prest. Mange besøkande fører til større slitasje på naturen og det er behov for å kanalisere ferdselen utanom dei sårbare områda og tilrettelegge stiane som toler meir bruk. Det er mange gamle ferdselsveggar til gardane og stølane, men ein mangel på lette nærturar for lokalbefolkninga. Sjå tekstdelen til sti- og løypeplanen for ein oversikt over alle stiane som er registrert i sti- og løypeplanen.





Almen i Aurlandsdalen
Foto: Bengt Erlend Skjerdal

Mål for planarbeidet

Føremålet med planen er at den skal bidra til:

- Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse i befolkninga som heilskap.
- Formidling av lokal natur- og kulturhistorie.
- Ei bevisstgjerjing kring kva stiar som bør vere for lokale og kven som kan marknadsførast mot besøkande.

Desse måla skal oppnåast gjennom:

- Skilting og tilrettelegging av stiar i alle sentrumsområda etter standard mal.
- Variasjon i sti- og løypenettverket. Kvart sentrumsområde skal ha eit utval av stiar innanfor graderingssystemet der kvar sti blir gradert med enten grøn, blå, raud eller svart farge.
- Føreslå retningslinjer for publisering av prioriterte turstiar og turløyper.
- Sette opp starttavler og informasjonstavler som formidlar lokal natur- og kulturhistorie.
- Samarbeid mellom det offentlege, næringsliv, grunneigarar, frivillige lag og organisasjonar.

Sentrale aktører

Grunneigarar

Grunneigarar har disposisjonsrett over eigen grunn og er med det ein svært sentral aktør i planlegging, tilrettelegging og utvikling av sti- og løypenettet. Det er derfor viktig med eit godt og formalisert samarbeid mellom kommunen, grunneigarar, frivillige organisasjonar og brukarar.

Kommunen

Det offentlige er pålagt ansvaret for at det skal vere mogleg for alle å drive friluftsliv og er øvste arealmyndigheit. Kommunen skal ifølgje friluftslova § 22 arbeide for å fremje friluftsliv innan sitt område og ivareta ålmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet. Kommunen har ikkje ei lovpålagt oppgåve med å drifte sti- og løypenettet.

Nærøyfjorden Verdsarvpark

Nærøyfjorden Verdsarvpark er ei stifting som har til føremål å koordinera og samordna den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet. Eit av hovudsatsingsområda deira er tilrettelegging for ferdsel.

Nærøyfjorden verneområdestyre

Verneområdeforvaltninga har forvaltningsansvar for Geitanosi naturreservat, Bleia naturreservat, Norheimsdalen naturreservat, Grånosmyrane naturreservat, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde. Styret arbeider i hovudsak med tilhøve knytt til besøk som påverkar verneføremåla for verneområda gjennom forvaltning av verneforskrift og forvaltningsplan, tilrettelegging og formidling. Besøksstrategi – Verneområde i Nærøyfjordområdet er verneområdestyret sitt konkrete og målretta forvaltningsverktøy.

Aurland Fjellstyre

Aurland Fjellstyre si oppgåve er å forvalta bruksrettane i statsallmenningane i Aurland i samsvar med føresegna i Fjelleva, t.d. fiskerett, jakt, beite og stølar. Aurland statsallmenning består av 450 kvadratkilometer høg fjellsterreng mot grensa til Hol kommune.

Statens Naturoppsyn

Statens Naturoppsyn har som oppgåve å drive naturoppsyn innanfor Nærøyfjorden Landskapsvernområde og nærliggande verneområde. I tillegg til å drive med rettleiing, informasjon og skjøtsels-, registrerings- og dokumentasjonsarbeid.

Den norske turistforening (DNT)

DNT er den største friluftsansjon i Norge med over 300 000 medlemmar. DNT har ansvar for DNT-hyttene og dei DNT-merka løypene som går igjennom kommunen.

Aurland Turlag

Aurland Turlag arrangerer onsdagsturar og lengre turar i løpet av sesongen. Dei har vanlegvis ein dugnadstur med stirydding i starten av sesongen.


Lag og organisasjonar

Det er fleire frivillige lag og organisasjonar som legg ned mykje godt arbeid knytt til friluftsliv. Døme på aktive lag og organisasjonar er Undredal Grendalag, Vassbygdi Ungdomslag, Bakka Grendalag, Dyrdal Grendalag, Venner av Flåmsdalen og Venner av Aurlandsdalen.

Næringsaktørar

Nokre av stiane som er med i sti- og løypeplanen er opparbeidd av eller i samarbeid med næringsaktørar. Dei har ei stor rolle i formidling av informasjon knytt til friluftaktivitetar.

Retningslinjer




Skilting, merking og informasjon

Tilrettelegging gjennom merking og skilting kan føre til auka ferdsel då terskelen for å utøve friluftsliv vert legre, noko som vil ha ein positiv innverknad på folkehelsa. Informasjon om allemannsretten, og omsyn til vilt og beitedyr, er viktige tema som bør vere med i informasjonstiltak.



På Stigen
Foto: Bengt Erlend Skjerdal

- Alle skilt, kulturtavler og informasjonstavler skal fylgje kommunikasjonsplanen til Vestnorsk fjordlandskap, Besøksstrategi for Verneområde i Nærøyfjordområdet og Merkehandboka.
- Det skal takast omsyn til lokalbefolkninga/grunneigarar som oppheld seg på stølane og ikkje campe eller etablere egne møteplassar rett utanfor inngangsdøra til sela. Det bør komma fram relevant informasjon til besøkjande om kva omsyn ein bør ta i kvart enkelt område.
- Fokuset bør vere på å tilrettelegge stiar i nærområdet i dei ulike grendene med merking frå sentrumsområda.
- Marknadsføring av traséar bør ikkje skje før ei ferdselsåre er godt nok tilrettelagt.



Dugnadsgjeng i Aurlandsdalen
Foto: Snædís Laufey Bjarnadóttir



Gjerdeklyv mot Stegastein
Foto: Bengt Erlend Skjerdal



Steinlagd sti opp til Raokjen og Brekkefossen
Foto: Bengt Erlend Skjerdal

Tilrettelegging

Tilrettelegging kan føra til auka ferdsel, men på same tid gje auka tryggleik og betre styring av trafikk. Rydding, merking, skilting og anna tilrettelegging er miljøinngrep og skal utførast så omsynsfullt som mogleg, samstundes som det bør sikre ulike brukargrupper tilgang til naturen.

- Utgangspunktet er at det alltid skal føreligge frivillige avtaler mellom grunneigarar og tilretteleggar.
- Ved tilrettelegging skal det fokuserast på berekraftige tilretteleggingstiltak

som ikkje fører til nemneverdig skade på naturen. Tilretteleggar oppfordrast til å gå i dialog med kommune og grunneigar for å kartlegge og vurdere miljøkonsekvensar av tiltaket. Traséar bør ikkje leggst på dei beste beitemarkene.

- Der det er nødvendig med grind, skal sjølvluukkande grinder, ferister eller gjerdeklyv etablerast framfor ordinære grinder.
- Ved etablering, tilrettelegging eller nedlegging av turstiar, bør Merkehandboka nyttast.


- Enkelte områder er under særskilt press frå eit mangfald av interessentar og krev eit spesielt fokus for å ivareta alle interesser. Dette gjeld spesielt for Flåm, Kvammdalen, Aurlandsdalen og Nørøyfjorden. Ferdsel i desse områda forventast å auke. Ved nye tiltak i desse områda bør det gjerast særskile vurderingar knytt til behovet for tiltaket og påverknaden tiltaket har på natur, miljø og andre interesser. Kanalisering av ferdsel bør vere hovudregelen.

Samarbeid og organisering

Samarbeid mellom ulike aktørar er viktig for ei god og berekraftig forvaltning og utvikling av sti- og løypenettet. At prosessane skjer i riktig rekkefølge og inkluderer dei riktige interessentane er svært viktig i denne samanheng.

Følgjande prinsipp bør ligge til grunn ved tilretteleggingsprosessar:

- Beitelag, villreinsinteresser, grunneigarar og andre interessentar skal så tidleg som mogleg inviterast inn i tilretteleggingsprosessar. Dette for å bli einig om praktiske omsyn som kan takast ved etablering eller tilrettelegging av ferdsselsårer.
- Det bør arbeidast mot å arrangere grendamøte der trasear, parkeringsplassar eller andre tiltak kan diskutertast i fellesskap. Utforminga av dette bør skje i samarbeid med lokale lag og organisasjonar.
- Det bør vere eit samarbeid mellom kommunen, Nærøyfjorden Verdsarvpark, SNO, Verneområdeforvaltar, idrettslag, turistforeining og andre frivillige lag og foreiningar som kan fordele det praktiske arbeidet med merking, skjøtsel og vedlikehald av stiar og turveger.
- Ved ønskje om rydding og/eller merking av sti skal grunneigar eller ansvarleg part kontaktast.





Stølen Hovdungo
Foto: Bengt Erlend Skjerdal

Infrastruktur

For å ferdest i natur som ligg utanfor gå- og sykkelavstand frå bustad- og hytteområde er det avgjerande med gode parkeringsmoglegheiter. Tilrettelegging for parkering er òg eit verkemiddel som bidreg til kanalisering og ferdsel inn i ønska område. Auka ferdsel vil leggje meir press på naturen og krev handtering av søppel, informasjon og toalett. Følgjande prinsipp knytt til infrastruktur vert foreslått:

- Parkeringsplassar, avfallshandtering og toalett bør tilretteleggast og etablerast i nærleiken av populære utfartsområde. Dette må skje i samarbeid med lokale interessentar.
- Det bør arbeidast mot ein standard mal for etablering av parkeringsplasser, avfallshandtering og toalett som tar for seg prosessen i forkant, forslag til informasjonstiltak og system som legg til rette for at grunneigar kan ta seg betalt ved parkeringsplassen, jf. arbeid med parkeringsbetaling i trafikk og parkeringsnemnda.
- Arbeide for offentleg transport til populære utfartspunkt og sjå på knutepunkt for dei som går, sykklar, ror/padlar.



Villrein i Vestfjella
Foto: Harald Skjerdal

Villrein og verneområde

Store deler av kommunen ligg innanfor leveområde eller trekkområde til villreinen. Villreinen er sårbar for menneskeleg aktivitet og trekk vekk frå dei områda den ikkje får gå i fred i. Villreinen er ein ansvarsart, som Norge er særleg forplikta til å ta vare på.


- Ikkje tilrettelegge nye stiar inn i villreinområde, naturreservat og verneområde. Opparbeiding og merking av nye stiar i landskapsvernområde er søknadspliktig.

- For rutene i fjellet, må ein ta omsyn til dyreliv (hjort/ rein), fugleliv (kongeørn, ryper, vadefuglar etc) og flora. I tillegg må ein ta omsyn til husdyr på beite både i fjell og inn- og utmark. Halde grunder lukka og varsle om eventuelle dyr som er skada.

Publisering av stiar

Aurland kommune er ein turistkommune med ein million besøkande kvart år. Tilrettelegging av nye stiar kan potensielt føre til mykje meir trafikk i området, samstundes kan tilrettelegging nyttast som eit verktøy for å kanalisere ferdsele.

- Marknadsføring av stiar skal skje strategisk og i samarbeid med verneområdestyret og turistinformasjonen.
- Nokre av stiane skal vere tilrettelagt for besøkande og nokre for lokale. Stiane for lokale skal ikkje marknadsførast eller publiserast på nettsider og i mindre grad på informasjonstavler med oversikt over stiane i kvar grend.



Gjennomføring av mål

Måla som vart sett i byrjinga av planarbeidet er tenkt oppnådd slik:

Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse i befolkninga som heilskap.

Dei fleste eksisterande stiane i Aurland kommune er gradert som ein raud sti, det vil seie krevjande sti. For at fleire skal kome seg ut på tur har eit av måla vore å få større variasjon i sti-nettverket i kommunen. Fleire av dei nye stiane som er foreslått er derfor stiar som kan bli gradert som blå (middels) og grøn (enkel). I tillegg er det foreslått tiltak som å setje ut benkar langs stiane og å sette ut informasjonstavler i kvar grend med oversikt over stiane og informasjon om stiane i nærområdet. I tillegg er det foreslått tiltak som å setje ut benkar langs stiane og å sette ut informasjonstavler i kvar grend med oversikt over stiane og informasjon om stiane i nærområdet. I tillegg til skilting, merking, opparbeiding av parkeringsplassar, toalett og avfallshandtering der dette manglar. Tilrettelegging skal skje i dialog med grunneigarar. Det er eit mål at planen skal føre til betre koordinering mellom kommunen, grunneigarar, næringsliv og andre aktørar. Dette kan skje gjennom oppretting av arbeidsgruppe som føl opp planen, distribuering av informasjon og retningslinjene som er utarbeida i planen.

Formidling av lokal natur- og kulturhistorie.

Dei fleste eksisterande stiane i Aurland kommune er gradert som ein raud sti, det vil seie krevjande sti. For at fleire skal kome seg ut på tur har eit av måla vore å få større variasjon i sti-nettverket i kommunen. Fleire av dei nye stiane som er foreslått er derfor stiar som kan bli gradert som blå (middels) og grøn (enkel). I tillegg er det foreslått tiltak som å setje ut benkar langs stiane og å sette ut informasjonstavler i kvar grend med oversikt over stiane og informasjon om stiane i nærområdet. I tillegg er det foreslått tiltak som å setje ut benkar langs stiane og å sette ut informasjonstavler i kvar grend med oversikt over stiane og informasjon om stiane i nærområdet. I tillegg til skilting, merking, opparbeiding av parkeringsplassar, toalett og avfallshandtering der dette manglar. Tilrettelegging skal skje i dialog med grunneigarar. Det er eit mål at planen skal føre til betre koordinering mellom kommunen, grunneigarar, næringsliv og andre aktørar. Dette kan skje gjennom oppretting av arbeidsgruppe som føl opp planen, distribuering av informasjon og retningslinjene som er utarbeida i planen.

Ei bevisstgjerung kring kva stiar som bør vere for lokale og kven som kan marknadsførast mot besøkande.

Dei fleste eksisterande stiane i Aurland kommune er gradert som ein raud sti, det vil seie krevjande sti. For at fleire skal kome seg ut på tur har eit av måla vore å få større variasjon i sti-nettverket i kommunen. Fleire av dei nye stiane som er foreslått er derfor stiar som kan bli gradert som blå (middels) og grøn (enkel). I tillegg er det foreslått tiltak som å setje ut benkar langs stiane og å sette ut informasjonstavler i kvar grend med oversikt over stiane og informasjon om stiane i nærområdet. I tillegg er det foreslått tiltak som å setje ut benkar langs stiane og å sette ut informasjonstavler i kvar grend med oversikt over stiane og informasjon om stiane i nærområdet. I tillegg til skilting, merking, opparbeiding av parkeringsplassar, toalett og avfallshandtering der dette manglar. Tilrettelegging skal skje i dialog med grunneigarar. Det er eit mål at planen skal føre til betre koordinering mellom kommunen, grunneigarar, næringsliv og andre aktørar. Dette kan skje gjennom oppretting av arbeidsgruppe som føl opp planen, distribuering av informasjon og retningslinjene som er utarbeida i planen.

Vidare arbeid

Som ei oppfølging av planen skal det opprettast ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå kommunen, Nærøyfjorden Verdsarvpark, næringsliv, grunneigarar, lag og organisasjonar. Desse skal arbeide med tiltaka i planen og vere med på å revidere tiltakslista kvart år. Dei kan vurdere ulike verktøy for oppfølging av planen, til dømes fadderordning på stiar og oppretting av friluftsråd.

Hovudfokuset i planen har vore stiar og det har ikkje vore nok tid og ressursar til å sjå på sykling og padling. Dette må sjåast nærare på ved rullering av planen. Det har heller ikkje vorte sett på finansiering og drift av stiane, dette må sjåast på i oppfølging av planen.



Tilskotsordningar

Støtteordning	Om ordninga	Meir informasjon
Spelemidlar	Fordeling av speleoverskot frå Norsk Tipping. Lag og organisasjonar kan søke om støtte.	Kulturdepartementet sine nettsider
Miljødirektoratet	Lag og organisasjonar kan søke om tilskot til friluftaktivitetar. Tiltak i nærmiljø og innsats for born, unge og grupper som er lite aktive er høgt prioritert.	Miljødirektoratet sine nettsider
SMIL	Spesielle miljøtiltak i landbruket. Det kan mellom anna søkast om tilskot for vegetasjonskontroll i attgrodd landskap, tiltak for ivaretaking av biologisk mangfald og kulturminneverdiar (ein sti kan vere ei gamal ferdselsåre og kulturminne).	Meir informasjon på Felles landbrukskontor Årdal, Lærdal og Aurland sine nettsider
Vestland fylkeskommune	Fleire tilskotsordningar innan folkehelse, idrett og friluftsliv	Vestland fylkeskommune sine nettsider
Gjensidigestiftelsen	For organisasjonar som er registrert i Frivillighetsregisteret	Gjensidigestiftelsen sine nettsider

Tiltaksliste

Tiltakslista viser ein oversikt over stiane med prioriterte tiltak for dei neste komande åra, sjå tekstdelen for fullstendig oversikt over alle stiane i kommunen. Denne lista vil bli oppdatert kvart år. Tiltakslista viser namn på stien, kva tiltaket går ut på, kven som har ansvar for gjennomføring av tiltaket og aktuelle samarbeidsaktørar, når tiltaket skal bli gjennomført og ei vekting av kor viktig stien er for lokalsamfunnet. Først kjem ei oversikt over generelle tiltak, deretter ei oversikt over stiane innanfor kvar grend.



Gradering:

Grøn = enkel. Stort sett korte og enkle turar som passer for alle, utan krav til spesielle ferdigheiter eller utstyr.



Blå = middels. Turar som passar for dei med grunnleggjande turferdigheiter og som er i normal fysisk form.




Raud = krevjande. Turar for erfarne turgåare, med god kondisjon. Turar krev ofte gode tursko og anna turutstyr.



Svart = ekstra krevjande. Turar som passar for erfarne fjellfolk, med god fysikk og kondisjon. Godt turutstyr og god kunnskap om kart og kompass.

Generelle tiltak

Tiltak	Samarbeidsaktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
Sette ut informasjonstavler i kvar grend med oversikt over stiane og infrastruktur i området, ønska åtferd i naturen og gradering av stiane.	Nærøyfjorden Verdsarvpark, lag og organisasjonar, Aurland Turlag, Verneområdeforvaltar	Aurland kommune	2021-
Distribuere informasjonsmateriell om rettar og pliktar knytt til ferdsel og tilrettelegging.	Næringsliv, Visit Sognefjord, Nærøyfjorden Verdsarvpark, Aurland kommune, Nærøyfjorden verneområdestyre	Turistinformasjon, reiselivsaktørar	Årleg
Koordinere informasjon på internett frå DNT, besøksstrategien, kommunen, verdsarvparken, Visit Sognefjord og Vestlands Fjordlandskap.	Næringsliv, Visit Sognefjord, Aurland kommune, Nærøyfjorden verneområdestyre	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Årleg
Utarbeide standard mal for etablering av parkeringsplassar, avfallshandtering og toalett.	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Nærøyfjorden verneområdestyre	Aurland kommune	2021
Arbeide for offentlig transport til populære utfartspunkt.	Vestland fylkeskommune	Aurland kommune	2021
Utarbeide oversikt over stiar som bør skjermast og stiar som kan marknadsførast.	Næringsliv, Visit Sognefjord, Aurland kommune, Nærøyfjorden verneområdestyre	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2021




Vassbygdi – fylkesgrensa

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Informasjon i sentrum	<ul style="list-style-type: none"> Oversiktstavle: Mal frå Nærøyfjorden Verdsarvpark 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Vassbygdi ungdomslag, Aurland Turlag	Aurland kommune	2022-
1	Aurlandsdalen	<ul style="list-style-type: none"> Kontinuerleg vedlikehald Skilt i vegskiljet ved Hungersholten 	Venner av Aurlandsdalen, DNT Oslo og omegn	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Årleg
1	Vassbygdi - Stondalen	<ul style="list-style-type: none"> Vegetasjonsrydding og grøfting Skilt til Hovdungo Fleire moglege påkoplingar Oppgradere bru 	Venner av Aurlandsdalen, Aurland Turlag, grunneigar	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2022-2023
1	Storrberg	<ul style="list-style-type: none"> Rydding Skilting 	Vassbygdi Ungdomslag, grunneigarar	Aurland Turlag	Årleg
1	Veim – Kvittingane	<ul style="list-style-type: none"> Rydding Skilting 	Aurland Turlag	Grunneigarar	Årleg

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Vassbygdi rundt inkl. Bulyst-stien	<ul style="list-style-type: none"> • Gruse hol • Skilte • Dugnad gras/brennesle 	Aurland kommune	Vassbygdi Ungdomslag	Årleg
1	Fiskeplassen ved Stemmerdalen	<ul style="list-style-type: none"> • Skilting 	Statens vegvesen	Aurland Fjellstyre	2021-2022
2	Bridlebru – Stondalen	<ul style="list-style-type: none"> • Rydding • Betre skilt i vegskiljet • Opparbeiding sti • Vedlikehald 	Venner av Aurlandsdalen	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Årleg
2	Østerbø - Langedalen	<ul style="list-style-type: none"> • Merking fram til stølane 	Østerbø Fjellstove og Aurlandsdalen Turisthytte	Grunneigarar	2021-2022
3	Fv50 - Berkvam-Heimrebø	<ul style="list-style-type: none"> • Oppgradering • Merking 	Venner av Aurlandsdalen, grunneigar	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2022

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids- aktør	Ansvar	Gjennomførings- periode
3	Hungersholten – Almabru	<ul style="list-style-type: none"> • Utbetre veg • Merking 	Venner av Aurlandsdalen, grunneigar, jaktlag	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2022
3	Nesbø-Tindi-Myrane	<ul style="list-style-type: none"> • Rydding • Ønskje om samarbeid om vedlikehald bru med kommunen. 	Venner av Aurlandsdalen	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Årleg
3	Vassbygdi - Kvålene	<ul style="list-style-type: none"> • Skilting • Info om skålgroper 	Aurland Turlag Vassbygdi ungdomslag	Grunneigarar	




Aurland - Låvi

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1		Informasjon i sentrum <ul style="list-style-type: none"> • Oversiktstavle: Mal frå Nærøyfjorden Verdsarvpark 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Aurland Turlag	Aurland kommune	2022-
1		Vangen – Volda – Bell/Høydalen <ul style="list-style-type: none"> • Betre skilting frå Vangen og Høydalen • Vedlikehald 	Grunneigarar, Aurland kommune	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Årleg
1		Vangen -Stegastein <ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald • Skjøtsel 	Aurland Turlag, Aurland kommune, grunneigarar	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Årleg
1		Vangen - Dagsturhytta <ul style="list-style-type: none"> • Trappetrinn på sleipe parti • Tilrettelegging 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Aurland Turlag	Aurland kommune	2021
1		Kulturstien SJH - Presthagen - SJH <ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald og drenering • Rydde sti til Dagsturhytta 	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Sogn Jord- og Hagebruksskule	2022

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Presthagen - Berg	<ul style="list-style-type: none"> Rydding Merking 	Grunneigarar, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Aurland Turlag	Årleg
1	Parkering Høgås ved FV - Prest/Røygrind	<ul style="list-style-type: none"> Toalett Informasjonstavle. 	Nærøyfjorden Verdsarvpark Aurland kommune	Vestland fylkeskommune	2022
1	Høgås ved FV - Halsane	<ul style="list-style-type: none"> Utbetre startpunkt Tilkomst og informasjon til tilreisande Toalett 	Aurland kommune, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Vestland fylkeskommune	2023
1	Vikesland – Hovdungo	<ul style="list-style-type: none"> Parkering og toalett er på veg 	Aurland kommune, grunneigar	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2021
1	Heggvikji - Bøen			Aurland kommune	

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids- aktør	Ansvar	Gjennomførings- periode
1		Universellt utforma sti <ul style="list-style-type: none"> Sjå på overgangane 		Aurland kommune	
1	Låvishagane - Mjå	<ul style="list-style-type: none"> Skilte 	Aurland Turlag	Grunneigarar	2021
2	Skjerdal - Leim	<ul style="list-style-type: none"> Parkering Toalett 	Næringsliv, Aurland kommune, Vestland fylkeskommune	Grunneigarar	
3	Li – Otternes	<ul style="list-style-type: none"> Merking Rydding 	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Grunneigarar	
3	Lysløype	<ul style="list-style-type: none"> Sjå på alternativ plassering 		Aurland kommune	
3	Hovdungo - Hovden - Mjå - Låvishagane	<ul style="list-style-type: none"> Rydding Merking 	Aurland Turlag, næringsliv	Grunneigarar	




Flåm - Flåmsdalen

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Informasjon i sentrum	<ul style="list-style-type: none"> Oversiktstavle: Mal frå Nærøyfjorden Verdsarvpark 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Venner av Flåmsdalen, Aurland Turlag	Aurland kommune	2022-
1	Rallarvegen	<ul style="list-style-type: none"> Kontinuerleg vedlikahald Rydde utsiktspunkt Stoppe biltrafikk ved Flåm kyrkje 	Venner av Flåmsdalen, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Aurland kommune/Bane Nor	Årleg
1	Gamlevegen Melhus-Kårdalen	<ul style="list-style-type: none"> Skilting om rasfare Vinterstengt Toalett og parkering ved avkøyringa frå Flåmsdalsvegen og opp til Melhus 	Venner av Flåmsdalen, grunneigarar, Aurland Turlag, Aurland kommune	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2022
1	Fretheim – Brekke - Lunden	<ul style="list-style-type: none"> Skilting Informasjonstavle 	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Aurland kommune	

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Brekkevegen - Raokjen	<ul style="list-style-type: none"> Informasjonstavle Vedlikehald 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, DNT Oslo og omegn, Nærøyfjorden verneområdestyre, Aurland kommune	Grunneigarar	
1	Kultursti Fretheim Hotell	<ul style="list-style-type: none"> Vedlikehald 		Fretheim Hotell	Årleg
1	Gang og sykkelveg Flåm-Bøen		Aurland kommune	Statens Vegvesen	
1	Haugen til Flåm skule		Venner av Flåmsdalen, Nærøyfjorden Verdsarvpark, grunneigarar	Aurland kommune	2021
2	Kårdalen -Ugjerdsdalen - Myrdal	<ul style="list-style-type: none"> Bru ved Ugjerdsdalen Oppgradere sti 	Venner av Flåmsdalen, grunneigarar, Aurland kommune, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Voss Utferdslag	2022


Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
2	Uppsete - Ugjerdsdalen	<ul style="list-style-type: none"> • Skilt ved stikryss • Varding 	Aurland Turlag, grunneigarar	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2022
2	Berekvam - Vidme	<ul style="list-style-type: none"> • Påkopling frå grindi til Vidmevegen 	Grunneigarar	Aurland Turlag	2021
2	Leina - Røhaug	<ul style="list-style-type: none"> • Rydding, • Merking. 	Venner av Flåmsdalen, grunneigarar	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2021
2	Gamle Ryavegen. Frå Håreinasvingen (Frelsesarvvegen, Humlehagen, Skaftåkrana) til Ryo	<ul style="list-style-type: none"> • Skogrydding 	Venner av Flåmsdalen, grunneigarar	Nærøyfjorden Verdsarvpark	2021
3	Fronaldalen - Håvasete	<ul style="list-style-type: none"> • Startskilt • Merking • Rydding • Vedlikehald 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, verneområdestyre	Grunneigarar	Årleg
3	Vidme - Kvarvi - Høga	<ul style="list-style-type: none"> • Opparbeiding • Merking • Skilting 	Aurland Turlag, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Grunneigarar	2022



Undredal

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Hovdungo	<ul style="list-style-type: none"> Vedlikehalde murar Skilt frå sentrum 	Grunneigarar, Nærøyfjorden verneområdestyre	Grunneigarar	Årleg
1	Enne	<ul style="list-style-type: none"> Forbetring på glatte parti 	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Grunneigarar	2021
1	Stokko	<ul style="list-style-type: none"> Informasjon ikkje veg til Stigen Parkering før kyrkja Legge sti utanom slåttemark på Dorganeset. 	Grunneigarar, Nærøyfjorden verneområdestyre, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Undredal grendalag	Årleg
1	Bufarveg opp til Enne	<ul style="list-style-type: none"> Rydding Skilting Skogshogst ok større tiltak søknadspliktig. 	Grunneigarar, Nærøyfjorden verneområdestyre, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Grunneigarar	2021
1	Sentrumssti	<ul style="list-style-type: none"> Skilting 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Aurland kommune	Undredal grendalag	2021

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids- aktør	Ansvar	Gjennomførings- periode
2	Gamlevegen (Melhus- Langhuso)	<ul style="list-style-type: none"> • Toalett • Informasjon om lukking av grinder • Vedlikehald 	Grunneigarar, verneområdestyret	Grunneigarar	Årleg
2	Stigen	<ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald 	Grunneigarar, verneområdestyret	Grunneigarar	Årleg
3	Stigavarden	<ul style="list-style-type: none"> • Skilting og merking (gitt løyve til merking av Nærøyfjorden verneområde) 	Nærøyfjorden verneområdestyre	Grunneigarar	2021



Nærøydalen

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Informasjon i sentrum	<ul style="list-style-type: none"> Oversiktstavle: Mal frå Nærøyfjorden Verdsarvpark 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Nærøy Vel, Aurland Turlag	Aurland kommune	2022-
1	Rimstigen	<ul style="list-style-type: none"> Kontinuerleg vedlikehald Infrastruktur Skilt 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, grunneigarar, SNO	Nærøyfjorden verneområdestyre	Årleg
1	Postvegen (Bleiklindi-Styvi)	<ul style="list-style-type: none"> Vedlikehald Rydding etter ras 	Grunneigarar, fylkesmannen, SNO	Nærøyfjorden verneområdestyre	Årleg
1	Dyrdal - Salthella	<ul style="list-style-type: none"> Vedlikehald øvre og nedre sti til Skogane, til Salthella, gamlevegen og veg til Jeiskali 	Grunneigarar, SNO, Nærøyfjorden verneområdestyre, Nærøyfjorden Verdsarvpark	Grunneigarar	Årleg
1	Hjølmo - Breidskredsnosi	<ul style="list-style-type: none"> Markere stien over Rimstigfjellet, for å unngå slitasje på vegetasjonen Skjøtsel Hjølmo-Vassete 	Dyrdal Grendalag, grunneigarar, Nærøyfjorden verneområdestyre, SNO	Nærøyfjorden verneområdestyre	Årleg

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
1	Ramsøy - Skjerpi	<ul style="list-style-type: none"> • Skilting og merking • Vinterstengt 	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Nærøy Vel	2021
1	Langageiti	<ul style="list-style-type: none"> • Skilting og merking • Rydding 	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Nærøy Vel	2021
1	Rundtur Gudvangen - Skjerpi	<ul style="list-style-type: none"> • Vinterstengt • Opparbeiding sti 	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Nærøy Vel	2021
2	Gamlevegen Dyrdal-Drægali	<ul style="list-style-type: none"> • Vedlikehald • Kulturhistoriske område bør markerast med skilt/info, t.d. Leitesagen, Halvfjæringsgrovi, Svilli. 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Nærøyfjorden verneområdestyre	Dyrdal Grendalag	Årleg
2	Bakkanosi	<ul style="list-style-type: none"> • Meir infrastruktur • Parkering • Info om villrein 	Grunneigarar, Nærøyfjorden verneområdestyre, Aurland kommune, Nærøysfjorden verdsarvpark, Voss Herad	Grunneigar	2022

Vekting (1-3)	Ferdselsåre	Tiltak	Samarbeids-aktør	Ansvar	Gjennomføringsperiode
3	Skogane - Dyrdal	<ul style="list-style-type: none"> • Merking • Skilt • Skjøtsel og stirydding 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, Nærøyfjorden verneområdestyre	Dyrdal Grendalag	Årleg
3	Rimstigen - Breidskredsnosi	<ul style="list-style-type: none"> • Skilting og merking 	Nærøyfjorden Verdsarvpark, SNO	Nærøyfjorden verneområdestyre	2021
3	Gamle Bakkavegen	<ul style="list-style-type: none"> • Ikkje marknadsførast meir • Vinterstengt • Vedlikehald 	Reiselivet, Verdsarvparken, Nærøyfjorden verneområdestyre, Aurland kommune, Vestland fylkeskommune	Grunneigarar	Årleg
3	Mali	<ul style="list-style-type: none"> • Ny bru 	Nærøyfjorden verneområdestyre	Dyrdal Grendalag	2021